

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sande

Emne: Transport av høy

Bygdelag:

47

Oppskr. av: Torvald Baade

Gard: Voksa

(adresse): Voksa.

G.nr. 63

Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Det vanlege no er at ein kjører høyet ihus eller attåt ei hes med hest og vogn. Vel finnst det småbrukarar som ikkje har hest og som må bera høyet, men dei fleste har ordna seg slik at dei går saman om ein øyk 2 eller 3, brukar den kvar si stund og delar foringa millom seg.

Det seier seg sjøl at i eit kystherad der fiske er viktugaste livevegen, vert gardsbruka jamt over drivne på enklaste måten, og det same kan ein seie om høyberginga og transporten av høyet.

1. Ein kan seie at same transportmåten vart brukt anten det var gard eller plass. Hadde dei hest, så vart den brukt. Hadde dei ikkje det, så bar dei høyet på ryggen anten det var vått eller turt. Om ikkje tilhøva var slik at ein brukte båt og førde det eit stykke av vegen.

Det har tidlegare vore vanlegt å slå i utmarka, på holmar o.a. stader der det vaks så mykje gras at ein ikkje trong alt til beite, men etter 1918-20 har det gått ut av bruk. Grunnen er helst ei sterkare drift av heimemarka, dyrare leigehjelp og meir trong om beitemarka. Det hender at einkvan fer å skrapar å slær i utmark og på holmar for å få i nok for åt ei kyr, men det vert mindre av dei for kvart året.

2. Når ein slog i utmarka, var det vanlegt at ein la høyet i byror "herdabyror". Ein brukte då eit enkelt tog



2  
71  
med ei "hovd" i den eine enden. Dette kallast "byratog" og var ca. 3 famner langt. Ein la i 3 "kjember" og hadde då ei ei høveleg "byre", anten den skulde i båt eller attåt ei hes. Var det turhøy, brukte ein noko lenger tog, 4<sup>1</sup>/<sub>2</sub> a 5 famner langt og gjerne 4 a 5 "kjember" ettersom ein vann bera bera det. Ein laga anten "herdabyre" eller "hovudbyre", som ein bar på herda eller på hovudet. Kunsten med å leggje ei byre, var å få tyngda godt opp, så det ikkje seig for mykje ned over hoftene. Med "hovudbyra" fekk ein tyngda heilt opp på akslene og vart ikkje så snart trøytt om byra var tung og vegen lang og leid. Men so måtte ein ha nokon som velte byra opp på ryggen når ein skulle reisa seg. Eldste måten å laga byror er kanskje den som ein såg sjeldnare brukt: "Hengslebyror" Då måtte ein ha eit dobbelt byratog, hovda var oftast ein eineklure som var bøygd saman rå og knytt i bukta på toget. Ein la dei to partane side om side med ca. 30 cm. imillom og la høykjembene oppi. På denne måten kunde ein få høyet til å hanga i toget sjøl om det var svært stutt og det drysste ikkje so mykje laushøy av desse byrene som av dei andre.

Når ein hadde "gyrdt" byra, so slakka ein på børsatoget slik ein fekk ei skulder inn under kvart av togi, og den enden som gjekk gjennom hovda tok ein over (høgre) herda og gyrde seg fast i byra. Ein måtte ha hjelp til å reise seg, om det var noko tyngd i byra. Den som hjelpte stod attanfor og rulla byra opp på ryggen.

Der det var svært bratt, brukte dei å meise" høyet ned på flatare lende. I Sande herad var det berre i "Murberget" i Gjerdsvika ein trong om det. Der er det så bratt dei fleste stader at det lite er ~~BM~~ "bugjengt" og veks mykje godt gras. Seinare har det vorte meir vanlegt med geiter og no er det desse som haustar inn graset i Murberget.

"Meisa" var ein stor pose, bunden av gamalt garnskot med



store mauskar (15 - 20 cm.).

Løypestreng har vori så lite brukt til høytransport at den nemner eg ikkje noko om.

Trillebårer vert brukt av og til, helst der borna hjelper til med arbeidet. Trillebårene er dei same som ein brukar i torvspadinga. Stort andre måtar å frakte høy på veit eg ikkje å ha sett eller frett her. (Hera- det er skoglaust for det meste).

3. Det er vanlegt å køyra heim høyet etterkvart det vert turt om sommaren.

4. Høyet vert køyrt på ei vanleg høyvogn med 2.hjul.

Gamallt folk snakkar nok om "høysledar" og "møksledar" og "Hjulslede", men det finnst ikkje meidar under dei.

For ei 70 - 80 år sidan vart vel det meste av høyet køyrt på sledar med vanlege bjørkemeidar under, slik den endå vert brukt til vedakjøyring i marka, der det er veglaust, men eg trur ikkje det finnst nokon som brukar slede til å køyra høy på lenger. Lasset gyrde ein fast til sleden (vogna) med ei "høytang", ei grind med 3-4 langsgåande trestenger som var fest i ein litt sterkare "åke" i kvar ende. Frå den fremste av desse åkane gjekk so "tangsimen" (eit sterkt tog) ned under sleden (vogna) og over attarste åken, som ein brukte til å gyrde lasset med.



5. Sams slætte (hopeslætte) er det so lenge sidan nokon hadde at eg kann ikkje fortelje noko om det. Om nokon prøvde slikt eit år, so vart dei oftast uforlikt om bytinga og prøvde det ikkje opp att. Heller gjorde dei årkast (brukte stykket kvar sitt år).

6. Om det hende at ein frakta heim høy vinterstida, så var det berre på berrmarka. Og hende så sjeldan at det ikkje knyter seg serlege segner eller sedvanar til det. Her på garden hadde vi eit utslætte på ein holm, og vi førde heim høyet på førejulsvinteren alt veiret var til



4  
5A  
det. Til førslebåt hadde vi fyrst ein gamall sunnmørs-  
ottring som lasta ei 120 byror(18 - 20 små lass). Seinare  
brukte vi ein nordfjordbåt: femkjeiping, den lasta ei 40  
byror, og kom det ei vindgnerre so var det tungt nok å ro  
for ei 4-5 karar og kvinnfolk. Men dette var berre eit  
enkelt tilfelle, andre gardar som trong frakta høy vintersdag  
veit eg ikkje om her i Sande.

Hovudbyrre



Ryggebyrre  
ell. Herdabyrre



Hengplebyrre



Voksa den 16/12 1946.

Til Norsk Etnologisk Gransking  
Norsk Folkemuseum  
Bygdøy.

Hermed sender eg det som eg har å seie om emnet  
Trnsport av høy. Det er truleg slik det har gått for seg her  
heilt sidan "gamle dagar". Kan De bruke det ,er det svært bra  
men det er helst sjøen som ligg folk i blodet her og det er  
fiskeriet som tankane har hange mest fast ved. Gardsbruk det  
var berre kvinnfolkarbeid det -når ein ikkje hadde noko anna  
å gjera. Difor er mindre gøymt om dei ømse ting i gardsdrifta  
enn det som høyrer sjøen og fisket til, trur eg.

Om De sender fleire emne, so vil eg helst ha ulinjert  
papir til å skrive på.

vyrdsamt

*Torvald Gaade*